

# Vedtekter for kommunale barnehagar i Fitjar kommune

## 1. Eigartilhøve

Fitjar kommune står som eigar av barnehagane som desse vedtektene omfattar. Utval for oppvekst og omsorg har ansvar for forvaltninga og tilsynet med barnehagane.

Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar for barnehagane. Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehage med forskrifter, lokal barnehageplan, plan for barnehagane og elles kommunale vedtekter og anna relevant lovverk.

## 2. Føremålet

Frå §1 Lov om barnehagar:

### «§ 1. Formål

*Barnehagane skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagane skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagane skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagane skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

## 3. Barn og foreldremedverknad

Barna skal ha rett til å medverke på eigen kvardag. Dei skal få gi uttrykk for sitt syn og skal jamleg bli tatt med på råd slik at dei aktivt kan delta i planlegging og vurdering av barnehagen sitt arbeid. Barna sine synspunkt skal leggast vekt i forhold til alder og modning.

Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna og skal fremja deira felles interesser, samt bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre/føresette og tilsette i barnehagane, slik at kvar gruppe er likt representerte. Eigar kan stille med representantar etter eige ynskje, men ikkje med fleire enn kvar av dei andre gruppene. Styrar er sekretær utan stemmerett, men med uttalerett.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vera sett saman slik:

- To representantar frå føresette
- To representantar frå dei tilsette
- Ein representant frå eigar (kommunestyret vel kommunen sine eigarrepresentantar til samarbeidsutvala)

Det skal vere vara representant for alle gruppene.

Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker blir lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Styrar har ansvar for innkalling.

#### 4. Opptaksmynde

Kommunedirektøren har mynde til å ta avgjerder innafor barnehagelova når det gjeld opptak av barn i barnehage. Opptak i barnehage er delegert til barnehagemynde i samarbeid med styrar. Barnehagemynde har det praktiske ansvaret for gjennomføring av samordna opptak i kommunen.

Kommunedirektøren er klageinstans. Klagefrist er 3 veker frå ein mottek melding om vedtak.

#### 5. Opptakskrets

Barn frå heile kommunen høyrer til opptakskretsen til dei kommunale barnehagane. Barn frå andre kommunar kan få plass dersom det er ledig plass etter opptak.

#### 6. Opptakskriterier

- a) Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak i barnehagen jf. Lov om barnehagar § 18
- b) Barn med rett på plass jf. Lov om barnehagar § 16
- c) Søsken til barn som har barnehageplass i same barnehage
- d) Barn av personalet kan få prioritet dersom tilbod om barnehageplass sikrar rekruttering av kvalifisert personale.

Vidare tek styrar omsyn til alder og gruppesamansetning.

Opptak av barn går føre seg heile året, men plassane for hovudopptak vert lyst ut i februar. Dei som ynskjer å byta barnehage, må søkja på nytt ved hovudopptak. Styrar stadfestar plass og opphaldsbetaling.

Søknadsfrist i Fitjar kommune er sett til 1. mars.

#### 7. Opphaldstid

Dei kommunale barnehagane tilbyr 100% barnehageplass.

Når eit barn får plass, får det behalda plassen til 31.07 det året barnet byrjar på skulen eller den vert sagt opp av foreldre.

Foreldre til alle barn som byrjar i barnehage må levera ei erklæring om barnet si helse før barnet tek til i barnehagane, jf. Lov om barnehage §50.

Ein gjer særskild merksam på:

«**§ 50. Helsekontroll av barn og personale**

*Før et barn begynner i barnehage, skal det legges fram erklæring om barnets helse. Dersom barnet har møtt til de ordinære undersøkelser på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnets foresatte.»*

I bruksåret gjeld ei oppseiingstid på 1 måned frå den 1. i påfølgjande måned. Oppseiinga skal gjerast skriftleg til barnehagane.

Permisjonar i løpet av bruksåret vert vanlegvis ikkje gjeve, men det kan vurderast i særskilde høve. Permisjonen skal følgja bruksåret/barnehageåret som er frå august til og med juli.

Søknad må sendast skriftleg til styrar i barnehagane der barnet har plass. Styrar si avgjerd kan klagast på til kommunedirektøren jf. Forvaltningslova.

## **8. Foreldrebetaling**

Foreldrebetaling for ein barnehageplass skal ikkje setjast høgare en maksimalgrensene jf. Lov om barnehagar og forskrift til foreldrebetaling i barnehagar §1. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget i samband med årleg budsjettvedtak.

Søskenmoderasjonen vert 30 % for barn nr. 2 og gratis for barn nr. 3 eller fleire. Betaling for kost, og eventuelt bleier/våtserviettar, kjem i tillegg og aukar i takt med prisutviklinga.

## **9. Låg betalingsevne**

Kommunen føl dei moderasjonsordningane som til ei kvar tid er gjeldande i barnehagelova.

## **10. Misleghald av foreldrebetalinga**

Når foreldra skriv under på at dei tek imot barnehageplassen aksepterer dei òg at dei skal betala for denne. Dette vert å rekna som eit kontraktsrettsleg grunnlag. Manglande foreldrebetaling vert å rekna som eit kontraktsbrot. I slike saker har Fitjar kommune følgjande prosedyre.

a) Ved mangel på foreldrebetaling tilsvarande 2 månadlege innbetalningar vert føresette kalla inn til ein bekymringsamtale. Her prøver ein å finna ei løysing for nedbetaling av gjelda. Ein sjekkar òg om manglande betalingsevne skuldast forhold som bør utløysa støtte frå kommunen.

b) Dersom misleghaldet held fram og det manglar foreldrebetaling tilsvarande 3 månadlege innbetalningar mistar barnet barnehageplassen. Samstundes set kommunen i verk rettsleg inndrivning av uteståande jf. inkassolova §10.

Ein gjer merksam på innhaldet i barnehagelova § 12a, 1. ledd som omtalar barn sin rett til barnehageplass. Eit barn som mistar plassen sin i løpet av barnehageåret grunna misleghald av foreldrebetalinga har etter lova rett på ny plass ved opptak til nytt barnehageår. Punkt b ovanfor trer i kraft etter 1 månad dersom tidlegare uteståande innbetalningar ikkje er gjort opp.

## **11. Godkjenning og areal**

Barnehagane driv til ei kvar tid innanfor rettleiande arealnorm som er 4 m<sup>2</sup> for barn over tre år og om lag 1/3 meir for barn under tre år. Uteområdet er òg i tråd med rettleiande norm.

## **12. Opningstider**

Opningstida for barnehagane er måndag-fredag kl.06.30-16.30. Det vil vere rom for lokale variasjonar i kvar barnehage når det gjeld start om morgonen og slutt på ettermiddagen ihht til dialog med foreldreråd og SU.

Ferielukking: Dei kommunale barnehagane har 4 veker ferielukking, hovudsakleg i juli månad. Barnehagane held stengt julafta, nyttårsafta og 5 planleggingsdagar. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagane kl.12.00. Sjå elles barnehageruta.

## **13. Vedtekter**

Endring av desse vedtektene må godkjennast av kommunestyre etter framlegg frå utval for oppvekst og omsorg.